

## Notat

**Til:** Hovudutvalet for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

### Søknad om tilskot til finansiering av stilling som kulturvernforvaltar

Fylkesdirektøren viser til søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark om tilskot på kr 250 000 til stillinga som kulturvernforvaltar. Likelydande søknad er sendt Hordaland fylkeskommune. Dei har i tillegg søkt Riksantikvaren om kr 500 000 til same føremål.

Fylkesdirektøren ser på søknaden som delfinansiering av ei fast stilling frå 2020. Dette ei såleis ei sak som må handsamast av Vestland fylkeskommune i samband med budsjett-/økonomiplan. Fylkesdirektøren har difor sendt saka over til Vestland fylkeskommune. Søkjar er orientert om dette.

Nærøyfjorden er skrive inn som eit naturområde, men dei kulturhistoriske verdiane i området er omtalt i innskrivinga. Bakgrunnen for søknaden er at Nærøyfjorden Verdsarvpark ser behovet for å ha ei fagstilling lokalt som kan rådgje og hjelpe eigarar av verneverdige kulturminne i verdsarvområdet i samband med bevaring og restaurering. Dette som ledd i å bidra til å utvikle verdsarvområdet som eit kulturelt kraftsenter knytt til restaurering av kulturminne og bevaring av verdsarven, og bidra til at forvaltninga av verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis innan kulturminneforvaltninga, noko som er eit av måla for verdsarvområda.

Riksantikvaren har tidlegare gjeve signal om at dei er positive til å løyve tilskot til 50% av stillinga.

Vestland fylke vil ha tre verdsarvområder og vert såleis det fylket i landet som har flest stadar innskrive på UNESCO si verdsarvliste.